
Saksnr: 2020/41026-4
Saksbehandlar: Linda Farestveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		29.10.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		03.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

Fagbrev på jobb- Kompetansepoltiske tiltak - finansiering og prioritering jf. vedtak i FUV sak 45/20, 26.03

Forslag til innstilling:

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei ny sak viss dei økonomiske føresetnadene som er lagt til grunn for saka skulle endre seg vesentleg.

Samandrag

Fagbrev på jobb er eit verkemiddel i fylkeskommunen sitt ansvar for, og bidrag til, at den regionale arbeidsmarknaden får tilgang til rett kompetanse.

Det blei godkjent 109 fagbrev på jobb kontraktar i 2019. Hittil i år er det godkjent 77 kontraktar og 21 ventar framleis på godkjenning Inngåtte kontraktar har ei gjennomsnittleg opplæringstid på 15 - 18 månader, men unntaksvis er det behov for noko lengre opplæring.

Innkome søknadar til fagbrev på jobb som ikkje var handsama innan ordninga vart stoppa, skal handsamast i 2020.

Kontraktar som vert godkjende i 2020 vil ha økonomiske følgjer 2021 og i nokre høve i 2022, alt etter lengda på kontrakten.

Med bakgrunn i dei økonomiske utfordringane i fylkeskommunen står i , kan ikkje fylkesrådmannen tilrå å opne opp for nye kontraktar om fagbrev på jobb i Vestland i 2021. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ny sak om dei økonomiske rammene skulle endre seg og at dei statlege løyvingane aukar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkesutvalet 26.03.20 i sak 45/2020:

1. Fylkesutvalet meiner «Fagbrev på jobb» er eit viktig verkemiddel i Vestland fylkeskommune sin regionale kompetansepolitikk. Ordninga er god for den einskilde arbeidstakar som ynskjer å byggje formalkompetanse medan han er i jobb, sat for verksemder og offentleg tenesteyting som har eit udekkta kompetansebehov. Vestland fylkeskommune må fortsetja dialogen med sentrale myndigheiter for å sikre varig finansiering av ordninga.
2. Fylkesutvalet ber om at ordninga «Fagbrev på jobb» vert drøfta med partane i arbeidslivet. Ei ytterlegare satsing på denne ordninga må bli vurdert opp mot andre kompetansepolitiske tiltak, spesielt i lys av den alvorlege situasjonen som no er i arbeidsmarknaden. Fylkesrådmann skal koma attende til fylkesutvalet i tertial om finansiering og prioritering av kompetansepolitiske tiltak.
3. Fylkeskommunen gjennomfører godkjende og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på 10.820.000,-. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb i påvente av fylkesrådmannen si oppdaterte tilråding

I sak 45/2020 gjorde fylkesrådmannen greie for innhaldet i opplæringsordninga fagbrev på jobb og korleis ordninga har vore praktisert i dei tidlegare fylkeskommunane. Ordninga har treft behova i arbeidslivet og etterspurnaden etter oppretting og godkjenning av kontraktar har auka kraftig dei seinare åra.

I etterkant av vedtaket i fylkesutvalet i mars har fylkesdirektør sendt brev til Kunnskapsdepartementet på vegner av kompetanseforum Vestland, der departementet vert oppmoda til å styrke den statlege finansieringa av ordninga. I dialogen med departementet i kjølvatnet av Covid 19 pandemien, har fleire andre fylkeskommunar peikt på den same utfordringa. Det har soleis vore gledeleg at fylkeskommunen har fått tilført om lag 5 millionar i 2020 som er øyremerka fagbrev på jobb, samt lovnad gjennom statsbudsjett for 2021 om vidareføring av tilskotet. Det er frivillig for fylkeskommunane å ta i mot tilskotet. Fylkesutvalet løyvde i sak 88/20 om lag 10 millionar frå «Krisepakke 2» til finansiering av fagbrev på jobb .

Dei ekstraordinære midlane som er tildelt, vil fylkesrådmannen nytte til søknadane som var registrert då ordninga vart stoppa, slik at desse kan bli godkjent innan utgangen av 2020. Det er venta at dei fleste av bedriftene som hadde inngått avtale om fagbrev på jobb med arbeidstakar før februar 2020, vil oppretthalde søknaden og sette i gang opplæring.

Det blei godkjent 109 fagbrev på jobb kontraktar i 2019. Hittil i år er det godkjent 77 kontraktar og 21 ventar framleis på godkjenning. Inngåtte kontraktar har ei gjennomsnittleg opplæringstid på 15 -18 månader, unntaksvis kan det behov for noko lengre opplæring. Godkjende kontraktar utløyser lærlingetilskot, basis 2.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi: Framlegg til vedtak ligg innanfor budsjetttramma for opplæring og kompetanse

Klima: ikkje relevant

Folkehelse: tilgang på vidaregåande opplæring har positiv effekt på folkehelsa

Regional planstrategi: betre tilgang på etterspurt kompetanse i arbeidslivet

Konklusjon

Innkomne søknadar til fagbrev på jobb som ikkje var handsama innan ordninga vart stoppa, skal handsamast i 2020.

Kontraktar som vert godkjende i 2020 vil ha økonomiske følgjer 2021 og i nokre høve i 2022, alt etter lengda på kontrakten.

Med bakgrunn i dei økonomiske utfordringane i fylkeskommunen står i , kan ikkje fylkesrådmannen tilrå å opne opp for nye kontraktar om fagbrev på jobb i Vestland i 2021. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ny sak om dei økonomiske rammene skulle endre seg og at dei statlege løyvingane aukar.